

OVERGONG TIL 0-6 ÅRS AVDELINGER.

Espira Rubbestadneset ynskjer frå hausten 2012 å omorganisere barnehagen. Me vil då avvikle småbarnsavdelinga og gå over til 4 avdelingar for barn 1-6 år.

Her kjem litt orientering om bakgrunn for dette, og kvifor me meiner denne at denne måten no er den beste å organisere barnehagen vår på.

Målet med omorganiseringa:

- **Betre fordeling av barn - personal i vår-halvåret.**
- **Meir kontinuitet og stabilitet over tid for barna.**
- **Barnetalet på storavdelingane vil gå ned.**
- **Forenkle samarbeidet mellom avdelingane.**
- **Betre fordeling av alder og kjønn på alle avdelingane.**

Kvifor me har hatt småbarnsavdeling, og korleis me vidare tenkjer oss å ivareta dei minste barna sine behov:

1. Oppstart i ei lita, trygg gruppe for dei yngste:

Dersom denne gruppe kunne vore stabil med td. 13-14 barn heile barnehageåret, hadde dette fungert.

I følge barnehagelova byrjar 2-åringane å telje som store barn i høve til bemanning frå det kalenderåret dei fyller 3 år.

Barnehagane har difor eit suppleringsinntak etter nyttår.

Dersom det då ikkje er ledige plassar på storavdelingane, slik at ein kan flytta 2-åringane over dit, vert det mange barn på småbarnsavdelinga. Dette vert ei svært travel avdeling, og fordelene med lita trygg gruppe kan diskuterast.

(Det vil vera tilfeldig frå år til år om det vert ledige plasser på storavdelingane til å flytte barn over ved nyttår. Dette heng ma saman med opptaket hausten før, kor mange førskulebarn som gjekk ut av avdelinga, og om nokon flyttar vekk.)

Me har dei siste åra hatt ein del søsken (1-åringar) som har starta rett på storavdelingane, dette har gått fint, og for mange er det trygt å ha storesøster eller storebror i nærleiken, særleg den første tida.

Men dei minste barna synest også det er kjekt å vera saman med

andre på same alder. Det er difor ynskjeleg med fleire barn i denne aldersgruppa på alle avdelingane.

2. Kompetanse hjå dei vaksne:

Me har også tenkt at me på småbarnsavdelinga opparbeider ein spesialkompetanse på denne aldersgruppa.

Det har imidlertid vist seg at mange av dei som har jobba på småbarnsavdelinga etter kvart har blitt flytta over til storavdelingane. Det er no kun 2 stk i delstilling att som har jobba på småbarnsavdelinga i mange år.

Erfaringskompetansen er difor spreidd over alle avdelingane.

Me ynskjer i framtida å ta vare på denne kompetansen, og vil difor organisere slik at me får 1 ev. 2 stk på kvar avdeling med særskilt ansvar for dei yngste.

3. Lettare å leggje tilrette for dei minste når dei er samla på ei avdeling.

Dette har vore eit godt argument for å ha småbarnsgruppe. Men nokre år er det ikkje plass til alle der, difor vert nokre små ganske åleine på si avdeling. Med ny organisering og tett samarbeid mellom 2 og 2 avdelingar, vil me sikra behovet for tilrettelegging og leik med jamnaldingar for alle små på ein betre måte.

Andre årsaker til at me no ynskjer å omorganisera:

- Meir kontinuitet og stabilitet for barna.

Barna slepp å skifte avdeling etter kanskje berre 1 år i barnehagen. Sjølv om me har gode rutinar når det gjeld flytting mellom avdelingar, vil dette likevel vera ein overgong for barna. Dei skal finne seg til rette og bli kjent med nye barn og vaksne, og dei vaksne skal bli kjent med barna. Barn dei har leika med på småbarnsavdelinga, må kanskje flytta til ei anna avdeling.

Dei vaksne kan på denne måten fylgja barnet over lengre tid, og får då bli skikkeleg kjent med barnet.

Dersom eit barn slit med ein eller anna vanske i høve til utvikling, vert dette ofte oppdaga rundt 2-3 år. Dvs. siste del av tida på småbarnsavd. Når barnet så flytter til ny avdeling må det få tid til å bli kjent her, og dei nye vaksne må bli kjent med barnet, før me kanskje ser at her må me søkje hjelp utanfrå for å kunne gi barnet den støtte og hjelp det har krav på.

- Færre barn på storavdelingane:
Når me har dei minste barna på storavdelinga, vil barnetalet i desse gruppene verta redusert. Noko som ma vil få ned støynivået.
- Barn i ulike aldrar lærer av kvarandre:
 - Td. kan 2-åringane her få stimulert språkutviklinga si ved å ha eldre barn å strekke seg etter.
 - Dei eldste barna får trening i sosial kompetanse, og å ta omsyn til dei som er mindre. Søsken kan få vera saman heilt frå starten.
 - Personalet får litt færre barn å bli kjent med fordi det alltid vil vera redusert tal på barn pga småbarnsplassar på kvar avdeling.
 - Førskulegruppa til neste år vil mest sannsynleg verta minst 26 stk. Dei bør difor uansett delast i 2 grupper der 2 og 2 avdelingar går saman.

Dette inneber ei omorganisering også i høve til utegruppa:

Dette har ma. samanheng med at me har sett at det ikkje fungerer like godt for alle barn å ha "to avdelingar" å forhalda seg til. Det kan bli mange ulike vaksne når me har ei personalgruppe på avdelinga og ei anna på utegruppa.

Barna skal framleis ha sine tur dagar.

Turane og opplegget rundt desse skal bestå, men turdagen vil gå direkte frå den avdelinga barna tilhøyrer, og det vil vera ein vaksen med frå eigen avdeling. Me samkøyrer 2 og 2 avdelingar. Dermed får me turgrupper på 12 barn og 2 vaksne, (i staden for som no 18 barn og 3 vaksne).

Dei vaksne på utegruppa vil høyre til på avdelingane, slik at det vil vera 4 faste personale i staden for 3 på kvar avdeling.

Kjøkkenet / fellesrommet kan verta ein møteplass for barn som er att i barnehagen. Me kan her laga ulike grupper som kan nytta dette rommet i løpet av dagen.

Organisatorisk fordel:

Reint organisatorisk vil det verta ei meir jamn fordeling i alder og kjønn mellom avdelingane på grunn av at ein kan styre opptaket og justere alle avdelingar kvar haust og sleppe ta omsyn til at barn skal flytte over frå ei anna avdeling.

Korleis har me så tenkt å organisere dette:

Me ser for oss å bruka dette barnehageåret til å førebu denne omorganiseringa.

Frå hausten 2012 vil me ha 4 filnærma like avdelingar på huset.

2 og 2 avdelingar tenkjer me oss skal ha eit tettare samarbeid, både i høve til praktiske ting som møteavvikling og pedagogisk opplegg.

Felles 2 og 2 avdelinger:

- Småbarnsteam med 1 vaksen frå kvar avdeling.
Me ser for oss at det vert 1 vaksen på kvar avdeling som får eit spesielt ansvar for dei minste barna på sin avdeling.
Desse 2 avdelingane samarbeider tett når det gjeld pedagogisk opplegg for dei minste barna. Me ser også for oss ei felles tid på dagen der barna er delt i grupper etter alder på tvers av avdelingane, (2 og 2 avdelingar saman).
- Turgrupper ut frå avdelingane, 2 og 2 avdelingar saman:
Td. 6 barn og 1 vaksen frå kvar avd. (dvs. 12 barn + 2 vaksne).
- Opplegg i Rubbhallen som i år 2 og 2 avdelingar saman.

Samarbeidet på huset vil med dette verte ryddigare

For å få dette til å fungere, betyr det at nokre barn må bytta avdeling hausten 2012. Dette vil gjelde alle aldresgrupper, men nokre av dei som elles skulle ha flytta frå Såpebobleavdelinga får bli verande på denne avdelinga.

Me vil leggja vekt på å få nokolunde jamn fordeling i høve til alder og kjønn på dei ulike avdelingane. , la søsken få gå på same avdeling, og elles tenkje vennskap når me må flytta på barn.